

# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

## Tysnes kommune

---

Arkivsak : 16/731 -  
Arkivkode: 567

---

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

### **Handsamingar:**

<b>Utvaksaknr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 68/16	FORMANNSKAPET	07.09.2016

### **RULLERING TRAFIKKSIKRINGSPLAN 2016**

#### **Vedlegg: 1. Planprogram**

#### **SAKSUTGREIING:**

Saka gjeld godkjenning av planprogram for rulling av trafikksikringsplan for Tysnes kommune, sist rulling var i 2000, med plan fram til 2004.

I tidsrommet mellom ekisterande plan og ny rulling er det utført fleire trafikksikringstiltak i kommunen, me kan mellom anna nemna enkelttiltak på Dalland, i Windsorkrysset, fleire plassar i Vågsmarka, på Reiso, Gjersvik med vidare. Me har også fått realisert eit av hovudtiltak i gamal plan, gangveg i Uggdal. Me ser no at det er trong for ein samla oppdatert plan for trafikksikring

. Trase for E-39 er ikkje med i dette planarbeidet da europavegutbyggjing vert fylgt opp gjennom eigne risiko og sårbarheitsanalyser med tilhøyrande tiltaksplanar. Rulling av trafikksikringsplan 2016 for Tysnes kommune er forankra i kommunal planstrategi som ligg ute til offentleg ettersyn med planlagt slutthandsaming og vedtak i kommunestyret i september.

Prosjektet vert leia av planleggjar i eining for forvaltning, og det skal opprettast ein arbeidsgruppe med deltaking frå kommunale sektorar og relevant fagmiljø.

Planfagleg konsulent for arbeidet er Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS som vart tildelt oppdraget etter ein tilbodskonkurrans med to andre inviterte konsulentfirma. H. Bjørndal AS har mellom anna utført tilsvarande planarbeid for Fusa kommune.

Trafikksikringsplan for Tysnes kommune er ein kommunedelsplan og det er difor etter plan og bygningslova av 2008 krav om planprogram for alle kommuneplanar, med ein offentleg høyningsfrist på 6 veker. Bakgrunn og føringar for planarbeid er gjort greie for i framlegget til planprogram som ligg vedlagt.

For effektiv handsaming med tanke på medverknad og moglege innspel til planarbeidet er det allereie sendt ut invitasjon til lag og organisasjoner som er registrert hjå kommunen. Det er også gjeve melding til skular med vidare.

Målet med planarbeidet er å sikra ei prioritering av ulike tiltak og at ulike aktørar får samordna sin innsats. Noko av arbeidet må utførast av oppsitjarane sjølve, noko av utbyggjarar, noko av kommunen og noka av stat og fylkeskommune.

Planprogrammet vert lagt ut på kommunen sin heimaside, det vert annonseret oppstart av planarbeid i lokalavisa, planprogram vert også sendt til øvrige høyringsinnstansar for kommunale planar.

### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Med heimel i § 4-1 i plan og bygningslova vert planprogram for rullering av trafikksikringsplan 2016 godkjendt slik det ligg føre og lagt ut til offentleg ettersyn

### **HANDSAMING I FORMANNSKAPET 07.09.2016:**

Representanten Kjetil Hestad peika på at det er viktig at det i planprogrammet vert teke høgde for at både eldrerådet og yrkessjåførar vert teke inn som del av den formelle prosessen.

Representanten peika vidare på at planen er ei naudsynt brekkstang inn mot fylkeskommunen sine prioriteringar. Han peika vidare på at det har vore eit ei omforeint oppleving om at kompensasjonsmidlar skal nyttast til samferdsle.

Ordføraren sette fram slikt framlegg om tillegg:

«Formannskapet ber om at det under punkt 6.1 vert presisert at eldrerådet får representasjon i arbeidsgruppa.»

### **VEDTAK I FORMANNSKAPET 07.09.2016:**

Formannskapet ber om at det under punkt 6.1 i framlegg til planprogram vert presisert at eldrerådet får representasjon i arbeidsgruppa

Med heimel i § 4-1 i plan og bygningslova vert planprogram for rullering av trafikksikringsplan 2016 godkjendt slik det ligg føre og med dei føringer som er teke med i vedtaket og lagt ut til offentleg ettersyn.